



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
14/90-	12.03.2015	32652/2015/C52	Christ Allan Sylthe, 71 25 88 52	11.05.2015

## Presteboliger med kulturhistorisk verdi - høring

Kultur og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune har i møte 06.05.2015, sak «Opplysningsvesenets fond – prestebustader med særleg kulturhistorisk verdi», gjort følgjande vedtak:

1. Opplysningsvesenets fond har lagt ned eit fagleg solid arbeid i utgreiinga «Prestegarder i Norge – eit utval. Prestegarder som kulturminner for Den Norske kyrkje.» I Møre og Romsdal er det valt ut 12 prestegarder. Ut frå utvalskriteria vurderer vi utvalet til å vere utfyllande, og har ikkje forslag om supplerande anlegg.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune vil sterkt rå til at ein søker å behalde alle dei 12 prestegardane som prestebustader. Dette er viktig mellom anna ut frå omsynet til bruksmessig autentisitet, som også er sær sentralt som vernekriterium for prestegardane.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune rår ifrå sal av nokre av dei 12 prestegardane i Møre og Romsdal som er nemnt i oversikta. Dersom det likevel vert aktuelt å selje nokre av desse prestebustadene ber vi om at fylkeskommunen og den regionale kulturminneforvaltinga vert kontakta. Dette for at vi kan vere med å definere vilkår for sal som vil ta vare på den aktuelle prestegarden sin kulturhistoriske verdi.

Punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteke. Punkt 2 vart vedteke med 6 mot 5 stemmer.

Vi gjer atterhald om at Fylkesutvalet gjer same vedtak i møte 26.05.2015. Vi vil kome med tilbakemelding om dette.

Med helsing

  
Heidi-Iren Wedlog Olsen  
fylkeskultursjef

  
Christ Allan Sylthe  
byggningsantikvar

Vedlegg:  
Saksframlegget



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
23.04.2015	28022/2015	Christ Allan Sylthe

Saksnr	Utval	Møtedato
	Kultur- og folkehelseutvalet	06.05.2015
	Fylkesrådmannens tilråding	13.05.2015
	Fylkesutvalet	26.05.2015

### **Høyringsfråsegn - Opplysningsvesenets fond - prestebustader med særleg kulturhistorisk verdi**

#### **Bakgrunn**

Møre og Romsdal fylkeskommune har fått Opplysningsvesenets Fond si utgreiing om prestebustader med særleg kulturhistorisk verdi tilsendt til uttale. Utgreiinga er sendt oss frå Kulturdepartement. Frist for uttale er sett til 15. mai.

Bakgrunnen for utgreiinga er at prestenes tenestebustadordning med buplikt vil bli oppheva frå 1. september 2015. I den samanheng vert det mellom anna reist spørsmål om kva for prestebustader som framleis bør vere i Opplysningsvesenets si eige som mogleg tenestebustad, og kva for prestegardar som ikkje lenger er aktuelle som prestebustader og som difor kan seljast.

I vurdering av desse spørsmåla vil departementet leggje vekt på omsynet til dei av prestegardane som har kulturhistorisk verdi. I følge departementet bør ein søke å behalde slike bustader med kulturhistorisk verdi som prestebustader. Alternativt kan dei i følge departementet nyttast til andre formål som kan sikre bustadene sine særlege kvalitetar og kome lokalsamfunnet til gode. Fordi slike andre formål like greitt kan sikrast av andre eigarar enn fondet, meiner departementet at det bør opnast for sal av kyrkje- eller kulturhistorisk verdifulle fondsbustader.

Prestebustader som høyrer til ein prestegard kan kome i ein annan stilling med omsyn til sal fordi prestegarden ikkje vert tillate frådelt prestegarden, eller at bustaden inngår i eit kyrkje og kulturhistorisk miljø som ein bør bevare som ein einskap i fondets eller i annan si eige.

Opplysningsvesenets fond har latt utarbeide ein oversikt over om lag 140 namngitte prestebustader som etter gitte kriterier innehar «vesentlege kyrkjelege verdiar». Opplysningsvesenets fond meiner at bustadene i denne oversikta er aktuelle å behalde i fondet si eige som prestebustader, men det er ikkje aktuelt å stille krav om buplikt til bustadene.

Det kongelege kulturdepartement ønskjer at høyringsinstansane skal gje sin kommentar til følgjande spørsmål:

- Er nokre av prestebustadene av ein slik verdi at ein bør søke å behalde dei som prestebustader?
- Kan nokre prestebustader vere eigna som tenestebustad for prestar i rekrutteringsvake områder?

- Er andre prestebustader av ein slik verdi at dei bør takast med i oversikta?
- Kva for av dei kyrkje- og kulturhistorisk verdifulle bustadene bør kunne seljast under føresetnad av at ny eigar tek vare på bustadens kvalitetar?

#### Oversikta over prestebustader:

Rapporten med oversikt over prestegarder er bygd opp på følgjande måte. Startar med ein omtale av kva som kjenneteiknar og er viktig med prestegardane som kulturminner.

Dernest ein oversikt over kva for kriterier som er lagt til grunn for utveljinga av prestegarder. Dette gjeld plassering, arkitektur, autentisitet, historie og representativitet. Kriteria er nærare grunngjeve i eige avsnitt.

Kapittelet om vernekriterier vert avslutta med avsnittet «Prestebustad og prestegard – eit trosuttrykk i landskapet». Det er her lagt vekt på at prestegarden spelar ei rolle for fortellinga om kyrkje og samfunn. Prosjektet har lagt vekt på at utvalet av prestegarder kan vere med på å gje innsikt og forståing, og tek utgangspunkt i at ulike tider har forskjellig uttrykk. Utvalet av prestebustader skal representere prestegardshistoria og prestegardens kulturverdi for kyrkja og samfunnet. Det vert avslutta med at det viktigaste kriteriet for at bygningen er prestebustad er at det bur ein prest i huset. I så måte er opplevinga for lokalsamfunnet sentral, med oppleving av tryggleik over at det framleis er «ljøs i vindauga». Bruksmessig autentisitet og kontinuitet vert det soleis lagt stor vekt på.

#### Prestegarder i Møre og Romsdal:

For Møre og Romsdal er det tatt med 12 prestebustader, her av seks som er freda, og seks som ikkje er freda. For kvar av prestegardane er det laga ein systematisk presentasjon, med kartfesting, foto samt omtale av historikk, stilmessig karakteristikk, og omtale av plassering i høve til kyrkja. Nær plassering til kyrkja er avgjerande for at prestegarden skal kunne få vurderinga «høy verdi som kyrkjeleg kulturminne». Der avstanden til kyrkja er så stor at det ikkje er miljømessig einskap har ein tydd til omgrepet «høy verdi knytt til si forhistorie».

Dei seks freda prestebustadene i fylket er Volda prestegard, Ørskog prestegard, Nesset prestegard, Kvernes prestegard, Tingvoll prestegard og Stangvik prestegard. Av desse er Volda prestegard, Ørskog prestegard, Kvernes prestegard, Tingvoll prestegard og Stangvik prestegard vurdert til å ha «høg verdi som kyrkjeleg kulturminne». På grunn av stor avstand mellom kyrkje og prestegard har derimot Nesset prestegard fått vurderinga «høg verdi knytt til si forhistorie».

Dei 6 prestegardane som ikkje er freda er Stranda prestegard, Borgund prestegard, Bolsøy prestegard, Bud prestegard, Sunndal prestegard og Rindal prestegard. Av desse vert Stranda, Borgund, Bolsøy og Bud vurdert til å ha høg kyrkjeleg kulturverdi. Sunndal og Rindal har høg verdi som kyrkjeleg kulturminne.

#### **Vurdering**

Opplysningsvesenets fond har gjort eit grundig arbeid med utgreiinga «Prestegarder i Norge – eit utval. Prestegarder som kulturminner for den norske kyrkja». Denne utgreiinga er lagt til grunn for saka «Opplysningsvesenets fond – prestestader med særleg kulturhistorisk verdi som Møre og Romsdal fylkeskommune har fått til uttale. Utvalet av prestegarder er gjort på grunnlag av vel gjennomtenkte kriterier.

Vi er sær̄s n̄gde med at ein har utvida kriteria for vern slik at dei prestegarder som ikkje ligg samlokalisert med kyrkja ogs̄a vert vurdert til å vere av kulturhistorisk interesse for Opplysningsvesenets fond, og dermed likevel ikkje aktuelle for sal. Dette ved at ein i tillegg til konklusjonen «h̄g kyrkjeleg kulturverdi» ogs̄a har tatt i bruk omgrepet «h̄y verdi knytt til si forhistorie». I 2013 vart Nettet prestegard vurdert til å vere aktuell å selje. Med endring i kriterium, synes utgangspunktet å vere at denne kulturhistorisk sær̄s verneverdige prestegarden ikkje lenger er aktuell for sal. Ut frå Nettet prestegards sær̄s h̄ge kulturhistoriske verdi og det etablerte samarbeid mellom Opplysningsvesenets fond og Romsdalsmuseet rundt bevaring og formidling er fylkesrådmannen godt n̄gd med dette. Eit sal av Nettet prestegard til private ville ha skapt store utfordringar for bevaring og Romsdalsmuseets formidling av Nettet prestegard si historie mellom anna knytt opp mot Bjørnson-tradisjonen.

#### **Forslag til vedtak:**

1. Opplysningsvesenets fond har lagt ned eit fagleg solid arbeid i utgreiinga «Prestegarder i Norge – eit utval. Prestegarder som kulturminner for Den Norske kyrkje.» I Møre og Romsdal er det valt ut 12 prestegarder. Ut frå utvalskriteria vurderer vi utvalet til å vere utfyllande, og har ikkje forslag om supplerande anlegg.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune vil sterkt rå til at ein søker å behalde alle dei 12 prestegardane som prestebustader. Dette er viktig mellom anna ut frå omsynet til bruksmessig autentisitet, som ogs̄a er sær̄s sentralt som vernekriterium for prestegardane.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune rår frå sal av nokre av dei 12 prestegardane i Møre og Romsdal som er nemnt i oversikta. Dersom det likevel vert aktuelt å selje nokre av desse prestebustadene ber vi om at fylkeskommunen og den regionale kulturminneforvaltinga vert kontakta. Dette for at vi kan vere med å definere vilkår for sal som vil ta vare på den aktuelle prestegarden sin kulturhistoriske verdi.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Heidi-Iren Wedlog Olsen  
fylkeskultursjef